



UKM 07/12

KYRKJE 18-30

Rom for samtale og engasjement

Innleining

«Kyrkje 18-30» har vore ei satsing i Den norske kyrkja frå 1993. I 2013 behandla Kyrkjemøtet ei sak om unge vaksne. Dei sa: «*Kyrkje 18-30 handlar om å vere kyrkje i vår tid. Kyrkjemøtet oppmodar heile kyrkja til å styrkje medvitet om å vere ei livsnær, relevant og tilgjengeleg folkekyrkje for alle.*

Menneske i alderen 18-30 år er ei mangfaldig gruppe. Mange er i ein livsfase prega av val, oppbrot og etablering. Kyrkja må ha fokus på alle i aldersgruppa, uansett livssituasjon. Auka fokus på denne gruppa kan bidra til at kyrkja på ulike måtar og ulike stader er tydeleg til stades i unge vaksne sine liv.

Gjennom satsinga «Kyrkje 18-30» ynskjer ein å fremje medvit i kyrkja om dei ressursar og behov som unge vaksne i kyrkjelyden representerer. Ein vonar at kyrkja si forkynning, arbeid og vilje til å involvere, kan bli positivt utfordra gjennom arbeidet med denne saka. Kyrkja treng at engasjerte unge vaksne er leiarar i kyrkja. Men dei må ikkje berre få ansvar, dei må også få fellesskapsopplevelingar og samhald der dei får vere deltagarar og ikkje berre bidragsytarar.

Kyrkja er ein stad der ein både kan vere og gjere.

Er kyrkja ein relevant møteplass for unge vaksne?

Undersøkinga «Ung i kyrkja», som Synovate gjorde for Kyrkjerådet i 2010, tok opp spørsmål om korleis unge vaksne mellom 18 -30 år nytter seg av kyrkja, kva haldningar og forventningar dei har til kyrkja og om det er samanfall mellom det unge vaksne opplever at kyrkja er oppteken av og det dei sjølve er opptekne av. Det vart tydeleg at dei største møteplassane mellom unge vaksne og kyrkja var gjennom markeringar av høgtider og kyrkelege handlingar. Det viktigaste for unge vaksne var relasjon til familie og vener. Sjølv om dette kan samsvara med tradisjonelle kristne verdiar, kopla ikkje dei unge vaksne dette saman.

Det er òg viktig å merkje seg at unge vaksne opplever at kyrkja i veldig liten grad har fokus på temaa utdanning og karriere, mens dei sjølv opplever dette som særstakt viktig.

Livsnær, relevant og tilgjengelig kyrkje

Kyrkjemøtet 2013 handsama saka «Kyrkje 18-30» (vedlegg 1). Til saka følgde antologien «Livsnær. Relevant. Tilgjengelig.» (vedlegg 2).



UKM

Fakta

Fakta Aktuelle saker som har vore behandla på Ungdommens

Aktuelle saker som har vore behandla på Ungdommens kyrkjemøte: 07/07 «Kirkens arbeid med aldersgruppen 18-30»

UKM 06/07 «Kirkens arbeid med aldersgruppen 18-30»

04/08 «Kirke for aldersgruppa 18-30»

06/09 «Myndig tru, og farkynnelsen»

mangfaldige fellesskap»

08/12 «Preken og farkynnelsen»

09/12 «Refleksjonsspørsmål»

behandla på Kyrkjemøtet:

Aktuelle saker som har vore behandla på Kyrkjemøtet: u –

mangfaldige fellesskap. Kyrkje

KM 05/09 «Myndig tru – 8-30 år.»

mangfaldige fellesskap. Kyrkje

med aldersgruppa 18-30 år.»

KM 06/13 «Kyrkje 18-30»

Ein antologi er ei tekstsamling,

ordforklaring

Ein antologi er ei tekstsamling,

litterære tekstar, ofte innanfor

det vil seie ei bok med fleire

litterære tekstar, ofte innanfor

same sjanger, men frå ulike

forfattarar, ofte innanfor

same sjanger, men frå ulike

forfattarar. Ordet stammar frå

gresk og betyr opphavleg

«blomstersamling».



UKM har vore involvert i arbeidet med saka sidan 2007 (sjå faktaboks). Fleire av temaa i antologien, nettartiklar og kyrkjemøtesak byggjer på tema som UKM har tatt opp i mange saker dei siste åra. Antologien og nettsida

www.kyrkle18-30.no prøver å få fram fagleg refleksjon, erfaringar og moglegheiter knytt til nettopp det å vere ei livsnær, relevant og tilgjengeleg kyrkje med aldersgruppa 18-30 år. Eit hovudpunkt frå saksdokumentet til UKM 06/09 «Myndig tru, mangfaldige fellesskap» (vedlegg 3) var at mange i aldersgruppa 18–30 år er engasjerte og kreative og bærer på eit ønskje om å fornye kyrkja. I sak UKM 07/12 kom UKM med innspel til ein artikkel om preika, samt utfordringsspørsmål til ulike tema i antologien.

Når UKM held fram med å ha fokus på «Kyrkje 18-30», er det fordi saka har viktige perspektiv på kva innhaldet i kyrkja si teneste er. Det handlar heile tida om å gjere medlemmane som *er* kyrkja, kyrklelege medarbeidarar og kristne fellesskap medvetne på kva som gjer at kyrkja kan vere relevant, tilgjengeleg og livsnær for unge vaksne.

UKM 2009 uttala blant anna dette:

I aldersgruppa 18-30 gjennomlever folk mange eksistensielle utfordringar knytt til oppbrot og etablering. Denne prosessen reiser mange grunnleggjande spørsmål om liv og tru. Dette er ikkje spørsmål som berre er viktige for denne aldersgruppa, men fordi dei lever i ein fase prega av store livsendingar, set dei fokus på spørsmål mange er opptatt av.

Og

Mange unge ser ikkje at kyrkja er relevant for dei, og kan til dømes uttrykkje at dei ikkje treng Gud og kyrkja i kvardagen. UKM 09 ser dette som ei stor og viktig utfordring til kyrkja si sjølvforståing. Kvar er kyrkja i unge menneske sin kvardag? I oppbrotet frå foreldre, på leit etter eit spennande studie, i jakta etter ein god livspartner, i spørsmål om kva ein skal gjere når ein vert gravid utan å planleggje det, i etableringa på ein ny stad, i jobbsøkinga, på leit etter trygg identitet, i spørsmål kring eigen seksualitet, i skilsmissa, i spørsmålet om ein skal døype borna eller ikkje – kor er kyrkja? Kyrkja må melde seg på banen og syne unge at ho bryr seg om oss og om våre liv! Kanskje er ikke alltid svar det beste vi kan gje kvarandre, men vi deler trua og kan gå nokre steg saman. Det vi treng er at det vert opna opp for spørsmåla vi har, og at kyrkja kan møte desse på ein god måte. Kyrkja må ikke være redd for å snakke om det som angår våre liv.

Kyrkjemøtekomiteen 2013 uttala at:

Komiteen ynskjer at «Kyrkje 18-30» skal bidra til at vi reflekterer over korleis vere ei livsnær, relevant og tilgjengeleg kyrkje for alle. Vi vil peike på dei møtestadene som er i det eksisterande arbeidet i soknet, slik som kyrklelege handlingar, gudstenester, trusopplæring, diakonal verksemd, musikk og kultur, og det potensialet som ligg her. Komiteen vil oppmøde kyrkjelydane om å arbeide med kvaliteten i dette arbeidet. Dei kyrklelege handlingane som dåp, vigsel og gravferd, og førebuingane til desse, er sentrale møtestader med denne aldersgruppa og må styrkast som ramme for livstolking og livsmeistring. Kyrkja sine fellesskap og møtestader bør vere mangfaldige i uttrykksform, breidd og djupn. Her skjer



samlinga om nådemidla som gir vekst i trua. Å møte menneske der dei er i livet, er avgjerande for å byggje relasjonar og tillit, og slik styrkje kjensla av å høyre til.

Utfordringsspørsmål

Utfordringa handlar om korleis livserfaringane og trua til unge vaksne kan kome sterkare til uttrykk i kyrkja enn det som er tilfelle i dag.

Utfordring 1: rom for samtale

Å møte menneske der dei er i livet, er avgjerande for å byggje relasjonar og tillit, og slik styrkje kjensla av å høyre til.

- **Korleis tenker UKM at desse møteplassane og samtalane kan skapast?**
 - Mange unge vaksne har ikkje dei kyrkjelege handlingane som møteplass. Kor er då dei kyrkjelege møteplassane og romma for samtalen?
 - Korleis skaper vi rom for samtale og dialog?
 - Er det mogleg å skape fellesskapa som gir grobotn for både forankring og vekst? Kor finst dei? Korleis gjer man det?
 -
 - Bidrar forkynning og diakoni til livstolking og livshjelp?
 - Skapast det språk og symbol som bidrar til livmeistring og nestekjærleik?
 - Kor og korleis rører dette ved livsspørsmåla mine?
 -

Utfordring 2: rom for engasjement

Det er ein fare at det kan bli for mykje snakk om aktivitetar for denne aldersgruppa. Men alt kan ikkje organiserast. Noko veks fram ut frå fellesskap som allereie finst.

- **Kva for erfaringar finst lokalt og kva ynskjer, tankar og idear finst blant delegatane i UKM?**
 - Kor er fellesskapa der det er plass for engasjementet til unge vaksne
 - Korleis kan kyrkja «trigge» grasrotengasjementet?
 - Korleis gje relevante utfordringar til forvaltning av liv og skaparverk slik at engasjement for det gode liv vert tent?
 - Kva skal til for å skape engasjement og for å halde det oppe? Korleis kan ein stimulere til vidare engasjement og ynskje om å delta?
 - Kva finst allereie av ulike fellesskap der ein kan praktisere tru?

Du finn alle vedlegg på nett:

1. «Kyrke 18-30» KM-sak 6/13: <http://kirke18-30.no/om-kirke-18-30/kirkemotet-og-ungdommens-kirkemote/>
2. Antologien «Livsnær. Relevant. Tilgjengelig», 2013: http://kirke18-30.no/2013/04/antologi_kirke_18-30/
3. «Myndig tru, mangfaldige fellesskap» UKM-sak 06/09: <http://kirke18-30.no/om-kirke-18-30/ungdommens-kirkemote/>